



**Referat frå møte nr 9 i prosjektgruppa**

DATO/TID: 26.10.2023 kl 08:30-10:30  
MØTE NR: 9  
STAD: Volda rådhus, Dalsfjorden (137), 1. etg.  
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleder), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Håvard Strand (skule), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet), Anita Gaarder (barnehage), Sonja Hovden (HVO)  
FRÅFALL: Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet), Wenche Skjærvik (reinhold), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet)  
MØTELEIAR: Berit Lyngstad  
REFERENT: Nina Kvalen


Saksnr.	SAK/KONKLUSJON	Ansvarleg
46/23	<p><b>Orientering om erfaringar med langturnus i Verslavegen v/Reidun Elisabeth Sandnes.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Har god erfaring med langvakter i turnus i Verslavegen, Grodås</li><li>- Hatt langvakter sidan 2015-2016</li><li>- Har 8,82 årsverk</li><li>- 6 årsverk, dvs. 73,2%, har heiltidsstillingar (100% stilling)</li><li>- Tenesta har flest langvakter i turnus:<ul style="list-style-type: none"><li>o 09:00-21:00</li><li>o 10:00-22:00</li><li>o 15:30-08:00 (kveld, kvilande natt)</li><li>o Arbeid kvar 4. helg</li></ul></li><li>- Kontinuitet er viktig for bebuarar, tilsette og arbeidsgivar:<ul style="list-style-type: none"><li>o Brot på dagtid skapte uro hos brukarar</li><li>o Mange tilsette har vore i tenesta lenge</li><li>o Lågt sjukefråvær: 1,09% i langvaktturnus i september 2023. Snittet ligg truleg på 4-5%. Sjukefråværet har gått gradvis ned.</li></ul></li><li>- Ved fråvær/sjukdom må dei dele opp langvaktene til vikarar</li><li>- Langvakter gjer at di tilsette gler seg til å gå på jobb</li><li>- Nattevaktene er delt mellom alle tilsette</li><li>- Kan vere krevjande å ha mange store stillingar i langvaktsturnus</li><li>- Dei i små stillingar for ikkje same eigarskap til jobben sin; må minst ha 40-50% stilling, i staden for 20%</li><li>- Tillitsvalde/verneombod (STIM) har vore svært deltakande i arbeidet med langvaktturnus, difor har det vore meir vellykka</li><li>- Tilsette ønsker ikkje å arbeide meir helg</li><li>- Må vere behov hos brukaren for å ha langvakter</li><li>- Tilsette trivst godt og blir verande</li><li>- Tilsette i Volda sentrum vil gjerne jobbe i Verslavegen i helgane</li><li>- Har færre søkjarar til stillingar i Hornindal enn til stillingar i Volda sentrum</li><li>- Tillitsvalde kjem med innspel om at når du arbeidar kvilande nattevakt jobbar du fleire timar enn du får betalt for</li><li>- I tenesta Blåbærhaugen har dei også hatt langvakter for enkelte brukarar, og på helg</li></ul>	Reidun



47/23	<p><b>Avtale om bruk av Dynamon</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er signert avtale om bruk av Dynamon i tre pilotar i helse og omsorg i eitt år, og andre aktuelle dokument som følgje av innkjøpet.</li><li>- Det har vore ein omfattande prosess med fleire møter og mange involverte.</li><li>- Nina har hatt ansvar for koordinering av anskaffingsprosessen og involvering av internt tilsette knytt til personvern og sikkerheit, og dokumentasjon som avtale om lisenskjøp, databehandlaravtale og forenkla anskaffingsprotokoll m.v.</li><li>- Svein har signert avtalen om lisenskjøp og databehandlaravtalen</li><li>- Astrid er kontaktperson til Dynamon og ansvarleg for det som gjeld koordinering av opplæring og implementering</li><li>- Pilotane er:<ul style="list-style-type: none"><li>• Bu- og habilitering/Severinhaugen: 33 tilsette</li><li>• Institusjonsteneste/Hornindal omsorgssenter + heimeteneste i Hornindal: 37 tilsette</li><li>• Heimetenesta i Volda = 48 tilsette</li></ul></li><li>- Astrid sender Dynamon <i>e-postadresser</i> til tilsette som skal ha tilgang til Dynamon, og avklarar <i>dato</i> for opplæring</li></ul> <p><b>Opplæring i Dynamon</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er ønske frå fleire i prosjektgruppa å delta som observatør under opplæringa i Dynamon</li><li>- I tillegg bør tillitsvalde på aktuelle arbeidsplassar delta i opplæringa<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Astrid melder inn opplæringsdagar til prosjektgruppa, slik at interesserte kan vurdere å delta</b></li><li>• <b>Astrid informerer tillitsvalde på aktuelle arbeidsplassar</b></li></ul></li><li>- Reidun, som var til stades under dette punket, fortel at alle turnusavtalar i bu- og habiliteringsteneste er sagt opp med verknad frå 01.03.2024. Severinhaugen ser fram til å vere pilot for Dynamon. Det kan også vere ønskeleg å prøve ut Dynamon i andre seksjonar.</li></ul>	Nina       Astrid   Astrid
48/23	<p><b>Oppgåvekartlegging i heimetenesta</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Heimetenesta i Hornindal startar oppgåvekartlegging i dag</li><li>- Dei vil nytte seg av same metodikk som Institusjonstenesta i Hornindal nytta under opplæringa i oppgåvekartlegging med KS Konsulent</li><li>- I førebuinga har dei m.a. sett video frå Tørn-prosjektet: <a href="https://www.youtube.com/watch?v=buti43VqjtU">https://www.youtube.com/watch?v=buti43VqjtU</a></li><li>- Nina minner om at vi har opptak frå opplæringa i oppgåvekartlegging til internt bruk i Teams-gruppa for Heiltidskultur. Nina vil høyre med Bente om alle videoane no er lagt ut i Teams-gruppa</li><li>- Berit minner om at Tørn gir gratis rettlege timar: <a href="https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/book-en-torn-ekspert/">https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/book-en-torn-ekspert/</a></li></ul>	Astrid    Nina
49/23	<p><b>Kurs i Belastningspsykologi</b></p> <p>Berit orienterer om konferanse i regi av Fagfokus 18.-19. mars 2024: <i>Når jobben blir for mye. En konferanse om belastningspsykologi for å unngå utbrenthet og omsorgstretthet</i>. Ein kan delta fysisk eller digitalt. Sjå meir her: <a href="https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/">https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/</a></p>	Berit



	<p>På leiarsamling 10. november vil Berit sondere kva som er det opplevde behovet i tenestene. Ved interesse kan det vere aktuelt å tilby kurset til ein større gruppe.</p>	
50/23	<p><b>Tørn-prosjektet</b> KS sitt Tørn-prosjekt gjer forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer i helse og omsorg. Forsøka skal bidra til ein meir berekraftig sektor ved å auke heiltidsandelen og sikre betre bruk av personellressursane. Til no deltek 97 kommunar, og KS melder om at det skal bli fleire.</p> <p>Nina deltok på informasjonsmøte om nytt Tørn-kull 2, pilot 4 den 16.10.23. <a href="https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/vil-din-kommune-delta-i-det-nye-torn-kullet-om-malrettet-bruk-av-velferdsteknologi-i-oppgavedelingen/">https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/vil-din-kommune-delta-i-det-nye-torn-kullet-om-malrettet-bruk-av-velferdsteknologi-i-oppgavedelingen/</a> Tema i piloten er målretta bruk av velferdsteknologi i ny oppgåvedeling. Prioriterte kommunar er kommunar frå Nord-Norge og kommunar som ser behov for velferdsteknologi i heimetenesta si oppgåveløysing. Tverrfagleg oppgåvedeling er særleg interessant for Tørn-programmet. Utvida søknadsfrist var 23.10.2023. M.a. som følgje av at helse og omsorg er i eit kompetanseløp og arbeid med oppgåvekartlegging, har Berit og Svein konkludert med at kommunen utset å sende søknad om Tørn-deltaking no, og vil vurdere dette på nytt ved neste utlysing.</p> <p>KS har utvida Tørn til tre delprogram: 1) Eitt for den kommunale helse- og omsorgstenesta 2) Eitt for spesialisthelsetenesta 3) eitt for samhandling: <a href="https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/torn-utvides-til-hele-helse--og-omsorgstjenesten/">https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/torn-utvides-til-hele-helse--og-omsorgstjenesten/</a></p> <p>Les meir om Tørn-programmet her: <a href="https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/">https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/</a></p>	Berit Nina
51/23	<p><b>Aktuelle tiltak barnehage</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Dynamon</b>; For å få kunnskap om dette kan vere eit nyttig verktøy for barnehagane, ønsker Anita å delta som <i>observatør</i> under <i>opplæringa</i> for pilotane i helse og omsorg.<ul style="list-style-type: none"><li>o <b>Astrid</b> melder inn aktuelle opplæringsdagar til prosjektgruppa slik at interesserte kan vurdere å delta som <i>observatør</i></li></ul></li><li>- <b>Permisjonspraksis</b>; Anita melder om at barnehage ønsker deltaking i arbeidsgruppe for <i>Permisjonspraksis</i>.<ul style="list-style-type: none"><li>o I 2023 arbeidar Birgitte med kartlegging, og skal tilrå vidare aktivitet. Sjå referatet frå førre møte. Når kartleggingsarbeidet er ferdig vil det bli sett ned ei arbeidsgruppe, og vi tek med oss innspelet i eit prosjektmøte på nyåret</li></ul></li></ul>	Anita Astrid Anita Berit Birgitte
52/23	<p><b>Orientering om velferdsteknologi</b> Velferdsteknologi er ein del av Volda kommune sitt ordinære tenestetilbod. Prosjektgruppa ønsker ei orientering om tilbodet, og vil invitere koordinator for velferdsteknologi, Karianne Sveen Orvik, til eit prosjektmøte over nyttår. Møtet vert halden på Volda omsorgssenter i 4. etg., slik at vi kan sjå ulike teknologiske hjelpemiddel på visningsrommet på omsorgssenteret</p>	Nina Karianne



53/23	<b>Framdriftsplan, møter i 2023</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- 05.01.23: Prosjektmøte/førebuing KICK-OFF mv.</li><li>- 09.02.23: KICK-OFF samling heile dagen</li><li>- 02.03.23: Prosjektmøte; etterarbeid KICK-OFF, vegen vidare mv.</li><li>- 11.04.23: Prosjektmøte; høyringssvar Heiltidserklæring mv.</li><li>- 11.05.23: Prosjektmøte; Førebuing oppgåvekartlegging mv.</li><li>- 22.-23.05.23: Oppgåvekartlegging samling 1</li><li>- 06.-07.06.23: Oppgåvekartlegging samling 2</li><li>- 15.05.23: PSU vedtak om heiltidserklæring</li><li>- 23.05.23: Formannskapet vedtak om heiltidserklæring</li><li>- 08.06.23: Prosjektmøte; Oppsummering 1. halvår, plan for 2. halvår</li><li>- 22.06.23: Politisk sak i kommunestyret heiltidserklæring</li><li>- 21.09.23: Prosjektmøte; nattevaktsprosjektet, aktivitetar 2. halvår</li><li>- 26.10.23: Prosjektmøte; langvakter, Dynamon, oppgåvekartlegging, Tørn</li><li>- 16.11.23: Prosjektmøte; Permisjonspraksis, Dynamon, bemanningsleiing</li><li>- 30.11-01.12.23: Bemanningsleiing m/KS Konsulent, døgndrifts-tenester</li><li>- 14.12.23: Prosjektmøte; evaluering 2023, plan for 2024?</li><li>- 16.-17.01.24: Bemanningsleiing m/KS Konsulent, døgndrifts-tenester</li><li>- 18.01.24: Prosjektmøte; velferdsteknologi, plan 1. halvår 2024</li><li>- STIM-gruppene arbeidar vidare på sine avdelingar</li></ul>	Berit Nina
54/23	<b>Neste møte</b> <b><u>Torsdag 16.11.2023 kl 08:30-10:30</u></b> , Volda rådhus, Dalsfjorden (137) 1.etg. Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen. Birgitte Sævik Pedersen deltek via Teams, for orientering om kartlegging av permisjonspraksis.	Nina